

Nal i veg ein sjanti

Sjømenn, damer, tjo og hei. Ei sjanti-aftan var ei verdig avslutting på Hengjo sitt virke som konsertarena, før bygget trer inn i museums-rekkjene.

Du får ikkje sitja og vera tilskodar til ein heil konsert med stordabuane i Storm Weather Shanty Choir, må du tru.

— På konsertane våre mønstrar du på. Du reiser deg og kjem fram. Og spør me om noko, seier du ikkje *Ja*, men *Hoi!* Nett som på "Statsraad Lehmkuhl".

Forsongar Håkon Vatle orienterte, og fekk publikum med på gangen.

Som tidlegare sjømann på skuleskipet og med *mastergrad i sjantiar*, visste han kva det gjekk i.

Levande karaokemas-kin

Sjølvs om publikumsmannen i Terje van der Meeren såg ut til å kunna opptil fleire av songane frå før, var det OK at bandet tidvis opererte med ei såkalla levande karaokemas-kin. Altså ein person som stod på scena og heldt oppe plakatar med teksten på. Slik vart det høve for fleire å hala i veg sjantiar som dei kanskje ikkje hadde høyrte tidlegare.

Det går i kvinnfolk. *A big breasted girls wouldn't do us any harm. A night with the girls wouldn't do any us harm.*

Og det går i rom. *A bottle of rum wouldn't do us any harm.*

Og kva skal me eigentleg gjera med han der drukne seglaren når morgonen kjem sigande på? Nei, me får leggja han til køys med kapteinen si dotter!


Med på notane

Livet på sjøen har ikkje berre vore damer og tjo og hei. Som vokalist Vatle sa: Havet gjev og havet tek. Bandet turnerte i Japan nokre månadar etter tsunamien i 2011. For mange råka menneske song dei ei norsk sjømannsvis – ingen i publikum skjønte eit einaste ord, men stemninga rundt visa gjorde at alle likevel forstod kva ho handla om. *Jeg vil dø på det brusen-de hav. Ingen tåre skal vete min grav.*

Du kunne høyrte den berømte knappenåla falle i Hengjo under framføringa. Du høyrte vertfall godt han eller ho som freista å få gangen i ein påhengsmotor litt lenger inne i vika, men gav seg heldigvis snart. Publikum fylgte notane til bandet, anten dei oppmoda til stille eller stå-hei.

Seks menn, med kvar sine instrument og stemmer, stod for det fengjande showet som vara i godt og vel ein time. Seks plater hadde dei gitt ut, og jammen hadde dei ikkje gitt ut ein del T-trøyer med åra òg. Ved sida av nemnde Håkon Vatle, utgjør Ronny Sætre, Rune Nesse, Vidar Vedå, Roald Kaldestad og Gisle Østrem Storm Weather Shanty Choir.

M May Linn Clement
may.linn.clement@marsteinen.no



Bom faderi og faderullande! Dei seks svartkledde sjanti-musikarane frå Stord fekk futt i folket.



Dio-teiknet var ikkje framand for publikummarane.



Systrene Siri og Ingvild Larsen Veivåg på trygge skuldrer.



Gjengen frå Sotra i slaget.